**Fjella mellom Havrådalen, Brøknipa Njåstad og Hovden er ein stor setrahage. 29 gardar med langt over 100 bruk åtte eller leigde setragrunn her.**

The area between Havrådalen, Brøknipa, Njåstad and Hovden is in reality one great mountain pasture with old shealings and milkinghuts. In the past more than a 100 farms from 29 different hamlets either owned or leased mountain pasture here.






Foto: Fotostudio

## Rute og ymse av interesse

Terreng: Stort sett fjellterreng. Rydda og merka stiar, relativt tørt, men nokre våte parti.
Tid: Sjå kvart alternativ.

Me svingar av RV-566 ved Flatevad og køyrer den kommunale vegen til Hovden (**1**), der me finn ein privat parkeringsplass og kan parkere mot ei mindre avgift.
Løypa har 3 alternativ. Strekningen frå parkeringsplassen til Revheimstølen er den same for alle (ca. 40 min.).
Frå parkeringsplassen går ein over brua og følgjer merka sti langs Hovdeelva til Vatnaleitet. Her møttest vegane frå Gjerstad, Hartveit og Vedo. På Vatnaleitet kunne dei kvila og nyta utsynet.
Turen går vidare forbi Litla- og Storavatnet (**2**). Båe vatna er fiskerike, men fisken er liten. Midt på Storavatnet ligg Sjuravika (**3**), ein fin badeplass med sandstrand. I Sjuravika låg Vedosetra, grunnane syner enno

## Route and places of interest

Terrain: Mountain landscape with cleared and marked trails. Mostly dry but boggy in places.
Time: See each alternative.

Turn off Rv566 at Flatevad and take the local road to Hovden (**1**) and the privately operated parking area (a minor fee).

We present 3 of the best alternatives. The 40-min. walk from the parking area to Revheimstølen is the same for all three.

Cross the bridge by the parking area and follow the marked trail along the Hovden River to Vatnaleitet. This is where the roads from Gjerstad, Hartveit and Vedo meet and where mountain travellers usually stop to rest and to enjoy the view.

The trail continues past Litlavatnet and Storavatnet (Little Lake and Big Lake) (**2**). The trout is plentiful in both lakes but the fish are small. Half way along Storavatnet you find Sjuravika (**3**) with a fine, sandy beach. Now a popular place for swimming, Sjuravika was once the mountain pasture for the farm at Vedo and the foundations for the shealing can still be seen up in the hill. In 1883 Baste Johsson Vedo and his son Johannes were chopping wood here when an avalanche came down on them. The son managed to run to safety but his father died here.

The steep hill by the beach is called Rjomakleiva (Cream Hill) (**4**). Legend has it that one autumn after the milkmaids had moved back to the farm, a *Hulder* (young troll-woman with a cows tail) came by with a herd of blue cows. She had a *Rjomebytte* (a wooden bucket with cream) strapped to her back, and when she turned to call the cows she slipped on a rock and all the cream spilled out. That is why it is called Rjomasteinen (Cream Rock). And (still according to the legend) if you unwittingly step on this rock as you climb Cream Hill, you will be rewarded with sweet cream at the shealing. In the next hollow there is a spring with sandy bottom and

**Sjå Tur 61 for reiserute og fotturar**
See Tour 61 for route and walks

oppe i lia. I 1883 var Baste Johsson Vedo og sonen, Johannes og hogde ved i liene her. Faren omkom i snøskreda, Johannes greidde å springa vekk.
Kleiva opp for badestranda er Rjomakleiva **(4)**. Sagnet fortel at ein haust, etter at folka hadde flytta frå stølen, kom ei hulder her med ei lang rekkje blå kyr etter seg. På ryggen bar ho ei rømmebytte, eit ryggspann av tre med rømme i. I kleiva snudde ho seg og lokka på buskapen. Då glei ho på ein glatt stein og knuste rjomabytte slik at rjomen rann ut. Difor heiter det Rjomasteinen og Rjomakleiva. Sagnet fortel vidare at dei som går til fjells og trakkar på Rjomasteinen utan å tenkja over det, skal få rjome når dei kjem til støls. Nede i neste søkk ligg Vinkjelda, ei sandhole med særs godt vatn. Mange setravegar har ei «vinkjelda».
Så kjem me til Heremannsrinden **(5)**. No ser me Revheimstølen **(6)** framfor oss og Skistad- og Solbjørgsetra **(9)** tvers over dalen. Kring 1680 skaut Anders Magneson Byrkjeland 14 revar på åta av ein gamal hest her på Heremannsrinden. Veidna kjøpte han tinnfat og koparkjelar for. Etter den tid vart han rekna som ein velstandsmann. Litt lenger framme finn me ei grøn glenna mellom brakane, Vesetsetra. Dei Veset leigde hage hjå Vedo, liene som ligg opp for vegen er Vesetliene.
Snart kryssar me Ferjegarden og er på Revheimstølen **(6)**, den største setrahagen i området. Slik han ligg, innst i dalbotnen, med grenser etter himmelsyn, er det tydeleg at dette har vore første setrahagen her.
På Revheimstølen deler vegen seg. Dei som ikkje vil gå same vegen tilbake, men ha ein lenger tur, kan velja mellom fylgjande tre alternativ:

## Alt 1:
Tid: Revheimstølen - Hovden, ca. 1 1/2 time.
Kortaste turen svingar utover på nordsida av Sildatjørna **(7)**, under Insetberget. Nord mot Storavatnet finn me nokre store, fine grunnar attmed vegen. Her stod Skistadutløene. Løene var mura i 1880-åra av Olav Nilsson Hatland. Han vart kalla Nils-Ola Skistad. Dei Skistad slo på myrane her og på holmane som ligg i elvaosen, Skistadholmane. Høyet tok dei heim om vinteren på kjelke over vatnet, til Hovden og ned til Hovdavegen. På Skistadsetra står ei einsleg hytte. Me fortset oppover og er snart på Solbjørgsetra **(9)** og vegen til bygds att. (Sjå alt. 3).

## Alt. 2:
Tid: Revheimstølen - Insetberget - Hovden, ca. 2 timar.
Ynskjer de meir luft under vengene, kan turen leggjast om Innsetberget **(8)**. Vegen tek av rett bak den raude hytta på Revheimstølen og opp over Vokhaugane. Frå Innsetberget er utsynet storslått, ta dykk tid til ein rast her. På Geitrheimsheia møter ein vegen som går til Solbjørgsetra.
Frå Solbjørgsetra tilbake til Hovden, sjå alt.3.

## Alt. 3:
Tid. Revheimstølen-Mølesetra-Hovden, ca. 2 1/2 time.
Ved å følgja dalføret nordover, vert turen lenger og opplevingane fleir. Tett ved vegen ligg Fiskapytten, ein liten foss med fleire jettegryter. Namnet kjem av at når elva minkar, står det ofte att fisk i nokre hølar. Ved Tverrlevane deler elva seg i Mæle- og Bjønndalsbekkane. No er me på Rongvesetra **(10)**. Gjennom Bjønndalen går det veg framom Presttunsetra og saman med løypa som kjem frå Njåstad. Stigningen opp til Mælesetra **(11)** er tung, men ikkje så lang.

Ved Mæle- og Hatlandssetra er det vegdele på ny. Her går råk nordover fjellet til Njåstad og vestover mot Geitrheimssetra. Geitrheim leiger setrahage hjå Revheim. Dei fekk ikkje koma opp med kyrne sine før dei Revheim hadde fare heimatt. No ber det nedover mot Solbjørgsetra **(12)**, ein stor støl med mange gamle setrar og nokre nye hytter.
Vegen til bygds er lett og snar. Frå Solbjørgsetra i lett terreng til Turrdalen **(12)**. Her til venstre, nedover til Storavatnet **(2)**, og tar ut «til høgre» tilbake til Hovden.

## Vonar de har hatt ein triveleg setratur.

exceptionally good water. It is called Vinkjelda (literally: wine spring). Many other mountain trails also have a ”Wine Spring”.

When you arrive at Hermannsrinden **(5)** you can see Revheimstølen **(6)** straight ahead. Skistadsetra and Solbjørgsetra **(9)** can be seen across the valley. Sometime around 1680 Anders Magneson Byrkjeland shot 14 foxes here, using the cadaver of an old horse as bait. He sold the foxes and bought tin plates and copper kettles for the money and he was regarded as a man of means after that. Further along the trail you find Vesetsetra in an open glade among the junipers. The people from Veset leased pasture from the Vedo Farm and the hills above the road are still called Vesetliene.

After Vesetsetra you soon pass through Ferjegarden and arrive at Revheimstølen **(6)**, the largest single pasture in the area. It is snugly situated at the end of the valley and extends to the mountain crests all around. It is reasonable to assume that this was the first summer pasture in these mountains.

The trail divides at Revheimstølen. Those who don’t want to take the same trail back and also have the stamina for a longer walk, can now choose among three alternatives:

## Alternative 1:
Time: Revheimstølen-Hovden, about 1 1/1 hours
The shortest trail follows the north shore of Sildatjørna **(7)**, continues past Insetberget to Storavatnet. Near the road you can see some old rock foundations. These beautiful masonry walls were built in the 1880’s by Olav Nilsson Hatland as foundations for some large hay barns that once stood here. The hay was taken home during the winter on sleds across the frozen lake, down the hills to Hovden and finally to Hovdavegen. Continuing on the trail you soon pass the single remaining cabin at Skistadsetra and you reach Solbjørgsetra **(9)** shortly afterwards. From here you follow the road back to Hovden. (See Alternative 3).

## Alternative 2:
Time: Revheimstølen - Insetberget - Hovden, approximately 2 hours.
This is the walk for those who like to be on top of things. The trail starts behind the red cabin at Revheimstølen and goes over Vokhaugane to Insetberget. At the top you should rest and have your lunch while enjoying the magnificent view. When you get to Geitrheimsheia, take the road to Solbjørgsetra and back to Hovden. (See Alternative 3).

**Alternative 3:**
Time: Revheimstølen - Mælesetra - Hovden, about 2 1/2 hours.
The trail along the valley towards the North is a bit longer but the nature experience makes up for it. Near the road you find Fiskapytten (The Fishpond). There are several ”jettegryter” in the river here, and when the water is low the fish get caught in these small ponds; hence the name. (”Jettegryte” means literally ”troll kettle” and are vertical pits in the river bottom drilled by boulders caught in swirling eddies).

At Tverrelvane the river splits into Mælebekken and Bjønndalsbekken and you are soon at Rongvesetra **(10)**. In Bjønndalen the trail passes Presttunsetra and then joins the trail from Njåstad. The climb to Mælesetra **(11)** is steep but short, and when you get past Hatlandssetra the road forks again. Proceed in a northerly direction to Njåstad and then turn west to Geitrheimssetra.
The trail now returns to Solbjørgsetra **(9)**, which is a large mountain pasture with several old shealings and some new cabins. Now follows an easy walk to Turrdalen **(12)** where you turn left down to Storavatnet **(2)** and back to Hovden.

## We hope you had an enjoyable mountain walk.

---

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don’t disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

**Kopiering er ikkje tillatt All rights reserved.**


AS Centraltrykkeriet, Bergen